

**PROTOKOLL**  
**ÅRSMØTE I**  
**FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I SOGN OG FJORDANE**  
**Førde, 06.03.2014**

**Frammøtte:**

Naturvernforbundet:

Thorleif Jakobsen, NVF/Norges Speiderforbund  
Lin Finjord  
Erik Solheim  
Haakon Breien (AU, vara)  
Sigmund Flaten

NJFF:

Reidun Solberg Seim  
Bjarne Huseklepp (AU)

SFT:

Marino Ask (leiar AU)  
Ron Overdevest  
Ragna Renna  
Alvar Melvær

Kystlaga:

Lars Olav Rylandsholmen (AU)

FNF:

Elisabeth Dahle, koordinator  
Ove Eliassen, prosjektmedarbeidar

Elisabeth Dahle opna møtet og ønska vel møtt!

**Sak 1. Val av møteleiar og skrivar**

Marino Ask valt som møteleiar og Elisabeth Dahle som skrivar.  
Ragna Renna og Ove Eliassen valt til å skrive under årsmøteprotokollen.

**Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Innkalling og sakliste godkjent.

**Sak 3. Årsmelding 2012**

Elisabeth las hovudpunkt frå årsmeldinga, samt hovudpunkt i vedlegg til årsmeldinga.  
To mindre skrivefeil vert retta opp, hotell og personnamn. Årsmeldinga slik den er førelagt med rettingar er godkjent.

**Sak 4. Årsrekneskap**

Differansen i lønsmidlar i korrigert budsjett og rekneskap skuldast utsett oppstart av utviklingsavtale og tilsetjing. Lønsmidlane er ført over til 2014. Balansen viser ein sunn drift, sikrar

eit års drift. Note viser verdi av FNF segljollane og nedskreven verdi. Revisjon. Revisor har godkjent og skrevet under rekneskapen. Rekneskapen er godkjent.

### **Sak 5. Utpeiking av representantar med vararepresentantar til arbeidsutvalet**

Naturvernforbundet: Marit Vøien Nes, Vara: Haakon Breien

Sogn og Fjordane Turlag: Marino Ask, Vara: (vert stadfesta seinare)

NJFF Sogn og Fjordane: Bjarne Huseklepp, vara Per Norstein.

Kystlaga: Lars Olav Rylandsholm, Vara: Svein Ove Ask (begge vert stadfesta etter FK/KH sitt årsmøte)

Tilsutta organisasjonar utan representant i AU, med høve til kvar å ha ein representant:

Fortidsminneforeninga.

Norges Speiderforbund.

Klatreklubbane er for tida utan fast representant.

### **Sak 6. Orienteringssaker**

Koordinator orienterte om og innhaldet i utviklingsavtalen FNF har inngått med fylkeskommunen, Naturbasert friluftsliv, tilsetting og presenterte Ove Eliassen, ny medarbeidar i FNF.

Relevante mål og strategiar for SFFK til å gå inn i avtalen og relevante mål med hovudmål, delmål og strategiar for FNF som vart gått igjennom.

Koordinator orienterte om Friluftslivets År 2015, oppstart Friluftslivets Veke 2014, gode høve for samarbeid og kommunikasjonssstrategi, gjennomføringsplan og info på FRIFO.no sine nettsider: <http://frifo.no/5747.Fakta-om-Friluftslivets-ar.html>

Bjarne Huseklepp frå NJFF heldt eit engasjert innlegg med presentasjon om «Felles satsing på friluftsliv».

Stikkord frå innlegget om kvifor og korleis auke målretta rekruttering til friluftslivet?

Er tradisjonelt friluftsliv på veg ut. Meir målretta samarbeidsprosjekt. Jakt deltakinga er stabil på 9-13% i ungdomsgruppa medan fritidsfiske har gått ned frå 73 % til 50% og ligg no truleg lægre. Enkle utfordringar som kunnskap og erfaring med/om klede og utstyr manglar og skapar barriere for deltaking. Satsar du fører det ofte til resultat. Oppleving av glede ved å vere ute i fokus. Starte tidleg og å gjenta suksessen, sosialisering til friluftsliv. Mål at nye vert aktive utøvarar. Vi tek vare på naturverdiar vi er glade i. Sosiale strukturar er viktig. Vi tek samfunnsansvar som beslutningstakarar. Samordne, lage felles lokale årsplanar, regelmessig aktivitet over tid. Friluftslivets År 2015.

Spørsmål og ideutveksling om friluftslivet framover, stikkordsnotater:

FÅ 2015, turaktivitetane i turlaget er stor i SF, korleis få auka oppslutnad:

Tematurer t.d flora, fauna, kulturminner, nyttevekster, støls- og seterdrift, fiske og fangst, mat på bål m.m.

Barn og unge må ha andre og fleire typar/tema for motivasjonen til å gå på tur, ikkje berre turen i seg sjølv.

Tradisjonelt friluftsliv går i bølgedalar. DNT har ein medlemstopp og rekordtal i hyttebesøk pr. no. Mange ungdommar driv friluftsliv utanfor det org. friluftslivet.

Styrken til friluftslivet er framhald i voksenalder, medan idretten har stort fråfall.

BT har ein glimrande rolle. Etablering av BT var historisk!

Treffar borna via foreldre/vaksne også for å lære opp dei.

Moderne trendar er positive for oss, gir rekruttering.

Ungdom, må finne motivatorpersonane som kan trekke med seg fleire ungdommar. Turane skal vere spennande, men også vere sikre nok. Krevjande opplegg inkl transport og infrastruktur.

Få de unge/barna ut til aktivitetsglede og god lokal kjennskap.

Skolen må ha ein rektor eller ein lærar som er aktiv med kunnskap om friluftsliv (store klassar er større utfordring)

Folkehelse – det enkle friluftslivet, koplinga må fram!

Ungdomstrinna på skulen tek del i kommunalt planarbeid knytt til folkehelse, friluftsliv, arealbruk og korleis denne skal tilpassast born og unge sine ønsker/aktivitet. Gjere det i skuletida som skulearbeid.

Naustdal BT og Frivilligsentral samarbeider om turar i lag med andre organisasjonar.

Idrettsskulen styrer og fordeler ut ulike aktivitetar gjennom veka/året – gir større bredde i tilbodet.

Evneløysa og overorganiseringa heng saman, også lære ungane å drive aktivitetar i spennande område – samt lære å organisere tur og aktivitet sjølv som t.d i Speidaren.

Engasjerte personar er alfa omega, ta vare på og styrke engasjementet. FNF samordne lokale eldsjeler.

DNT arrangerer Opptur for alle 8. klassingar – de lokale turlagene står for arrangement.

Kan vi få til eit felles arrangement til på hausten?

Skuletransport er ein stor utfordring, transportløyising for skulene ei oppgave for org.?

Kan søke om transportstøtte lokalt? Opprette eit eige transportfond?

Organisasjonane tenker igjennom kva de ulike kan bidra med inn til «4-punkts»lista:

Tematurar – viktig å ha gode ressurspersonar, kan også vere tilbod inn til skulane.

Allereie no spill inn til skulane at det er Friluftslivets År 2015 – kva gjer dei inn mot dette?

Oppfordre tidleg til aktivitetar.

Lokal kjennskap og tilknytning viktig, t.d innspel inn i planar, kunnskap.

Friluftslivets År 2015, avis, arrangement, info.

Gondolbaner, aktuelt i fleire kommunar, synspunkt rundt dette, sak til AU.

### **Sak 7. Innkomne saker.**

Det vart ikkje meldt inn noken saker til årsmøtet frå organsisasjonane.

Elisabeth Dahle - sign

Referent/koordinator

Ragna Renna

Ove T. Eliassen